

2025.03.06.

Referat frå medlemsmøte Equinor Seniorklubb Mongstad tirsdag 3. juni.

Arvid ynskte alle velkomen til siste medlemsmøte før sommaren, og delte litt info om denne dagen; 3. juni er dag nr 154 i året, og det er 211 dagar att. Navnet for dagen er Rakel og Rasmus, også tidlegare kalla Rasmusdagen. Våronna skulle då vera ferdig til denne dagen.

Det er snart sommar og mange reiser til syden for sol og varme, og gjerne med noko godt i glaset. Møtedeltakarane song så Olav Stedje sin song «Ein niordmann sin draum», framført på sognamaol.

Informasjon til medlemsmøte:

- 50-årsjubileet til Equinor.
Veteranklubben vart kontakta av Equinor Mongstad med spørsmål om medlemsoversikt då bedrifta ikkje har noko oversikt over kven som er pensjonistar. Medlemsliste vart så oversendt. Tilbakemelding var då at det var berre tidlegare Equinor-ansatte som skulle inviterast.
Arvid informerte om at dersom der er pensjonistar som ikkje er medlemmar i veteranklubben men som ynskjer å vera med på markeringa, dei kan ta kontakt med klubben og påmelding vert så vidareformidla.
- Seniorforum Equinor i Trondheim i september.
Veteranklubben sender to personar til dette møtet.
Der møter medlemmar frå dei 17 seniorklubbane i Equinor.
Eit av punkta seniorklubben på Mongstad vil ta opp er mellom anna at i sentralt regelverk for seniorklubbane står at ektefelle/sambuar ikkje er berettiga tilskot frå klubbane.

- Storebrand pensjon:

Nordea overtok høsten 2024 alle privatkundar i Danske Bank. Alle tidlegare Danske Bank kundar har mottatt nytt kontonummer i Nordea.

Nordea har fram til no overført innbetaling som er mottatt på gamle Danske Bank konti. Denne tenesta stengjer no.

Dette inneber at **utbetalningar – inkludert pensjon – vil verta avvist** dersom Equinor pensjonistane ikkje oppdaterer kontonummeret som pensjonane skal utbetalast til hjå [Storebrand.no](https://www.storebrand.no). Logg inn med bank-id.

Nordea har over lengre tid forsøkt å informera dei berørte kundane, men der er fortsatt mange (ca 90 Equinor pensjonistar) som ikkje har oppdatert med nytt bankkontonummer hjå [Storebrand.no](https://www.storebrand.no)

Disse 90 må oppdatera eigen bankinformasjon hjå Storebrand så snart som overhodet mulig. Frå og med juni 2025, risikerer man at man ikkje lenger får pensjon fra Equinor Pensjon på bankkonto med mindre nytt bankkontonr. er blitt registrert hjå Storebrand.

- Turnemnda v/Jan Arild informerte litt om turen til Åsgårstrand 14 – 17 september. Der er fortsatt ledige plassar då ein ynskjer fleire med på tur, heslt for å redusera pris pr.medlem.

- **Framtidsfullmakt:**

Styret har diskutert dette, og kome fram til at der er så individuelle behov at kvar enkelt må vurdera dette sjølv.

Styret oppmodar alle til å tenkja nøy gjennom behovet for å oppretta eit slikt dokument.

Stasforvaltaren har laga eit ein svært god info om dette emnet:

<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-vestland/verjemal/framtidsfullmakt/informasjon-om-fremtidsfullmakt.pdf>

- Det vart så gjennomført eit åresalg med mange flotte premiar før servering av mat.

- Som ei påminning om at det er 80 år sidan freden kom vart det etter maten synt del 2 av filmen Vestaver.

- Arvid takka så for frammøtet og ynkste god sommar til alle saman.

Mvh
Ottar Rosnes